



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato
17.11.2015
Dykkar dato
«REFDATO»

Vår referanse
2015/10995 363.3
Dykkar referanse
«REF»

Til kommunane i Hordaland

Busetting av flyktningar - tilbod om møte mellom kommunen og statlege etatar i Hordaland

Fylkesmannen sendte 20. november brev til alle kommunane i Hordaland med oppmoding om å auke busettinga av flyktningar i 2016 og 2017. Bakgrunnen for nye oppmodingstal er at flyktningstraumen til Noreg inneber ein kraftig auke i talet på flyktningar som skal bli busette i kommunane.

Det er mange statlege aktørar som er involverte i busettingsarbeidet på regionalt nivå. Desse har ulik kompetanse på området. For kommunane kan det vere ressurskrevjande å forholde seg til mange ulike etatar. Mange kommunar har difor uttrykt eit ynskje om å møte regional stat samla.

Fylkesmannen har eit regionalt samordningsansvar og tilbyr seg difor å arrangere eit møte mellom einskilde kommunar eller regionar og statlege etatar i Hordaland, der busetting av flyktningar er tema. IMDi, Husbanken og Fylkesmannen v/ embetsleiing og leier for aktuelle fagavdelingar vil vere til stades på desse møta. I tillegg vil NAV, Bufetat, Helse Bergen og andre kunne bli inviterte ved behov.

Føremålet med desse møta er å ta utgangspunkt i den enkelte kommune sine behov og drøfte korleis statlege aktørar kan bidra til vellukka busetting og integrering, samt korleis ein kan få til eit meir systematisk samarbeid mellom kommunen og statsetatane. Mange nye kommunar er no oppmoda om å busette einslege barn og unge under 18 år (EM). Informasjon og etablering av samarbeidsrutiner som gjeld denne gruppa vil difor vere eit særleg aktuelt tema for eit slikt møte.

Vi tenkjer oss at kommunen er representert ved kommuneleiing og etatsleiare på dette møtet. Eit resultat av møtet kan vere å opprette kontaktar og møtepunkt på sakshandsamarnivå dersom kommunen har behov for det.

Kommunar som er interesserte kan ta kontakt med Fylkesmannen v/seniorrådgjevar Marianne Svege tlf. 55 572255/e-post fmhomsv@fylkesmannen.no for å diskutere tidspunkt og nærare innhald for eit møte.

Med helsing

Lars Sponheim
fylkesmann

Anne Hjermann
utdanningsdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.